

Innspel til Energikommisjonen

Eg har tre innspel til Energikommisjonen sitt arbeid.

1. Risiko-vurderingar er viktige.

Store og langsiktige investeringar i energisystema våre er nødvendig over dei neste tiåra, både i meir klima- og miljøvennleg energiproduksjon, meir effektiv produksjon og forbruk av energi, og nødvendig opprusting av kraftnettet og anna infrastruktur. Fleire energialternativ er mogelege, blant anna satsing på havvind, landvind, solenergi, opprusting av vasskraftverk, hydrogen frå naturgass med karbonfangst, bioenergi, og energieffektivisering i produksjon og forbruk. Samstundes vil dei beste energiløysingane og samfunnsverdien av desse investeringane avhenge av fleire usikre faktorar, som endringar i energimarknadane framover, relative prisar på ulike energivarer, utviklinga i andre land, utviklinga av etterspørselen, utviklinga av karbonprisinga, fysiske konsekvensar av klimaendringane, og teknologiske framsteg for ulike energiteknologiar. På denne bakgrunnen er det viktig at Energikommisjonen legg nok vekt på desse usikre faktorane når den skal komme med forslag til endringar som vil forbetre energisystemet i Norge. Eit godt verktøy i så måte er å bruke scenario-analyser.

2. Det blir lenge mangel på klimavennleg og stabil energi i Europa.

Energikommisjonen bør leggje til grunn at Norge og Europa i fleire år framover vil ha eit underskot på klima- og miljøvennleg energi og kraft, og som samstundes er stabil nok til å dekkje varierende etterspørsel. Bakteppet i EU og Norge er ambisiøse klimamål med brei elektrifisering av samfunnet som hovudstrategi, eit ynskje i EU om å bli raskt uavhengig av fossil energi, nedbygging av kjernekraft i nokre land, at utbygging av grøn energi tek tid, at vindkraft og solenergi har variabel produksjon som ikkje direkte kan styrast, og som betyr at basis- og reserveproduksjon må vere på plass. Det er store forventningar til flytande havmøller, men dette er ein umoden og dyr teknologi som er avhengig av teknologiske framsteg. Betre nettutbygging og integrasjon av kraftmarknaden i Nord-Europa kan hjelpe ved å overføre frå overskotsområde til underskotsområde, men vil ikkje vere tilstrekkeleg stabilisering mellom etterspørsel og produksjon når ein stadig større del av produksjonen kjem frå vindkraft og solkraft. Reservetilgang på kraft frå batteri, lagra hydrogen, pumpekraft eller andre løysingar er ikkje tilstrekkeleg utvikla og vil i alle tilfelle ta mange år å byggje ut. I ein slik situasjon er norsk vasskraft som kan regulerast ekstra verdfull. Utbygging av klimavennleg kraft, som ofte er arealkrevjande og kan føre til interessekonfliktar, må balanserast med andre samfunnsinteresser med omsyn til andre næringar og natur og friluftsliv for å sikre nok sosial aksept og tilstrekkeleg politisk grunnlag.

3. Viktig å sikre allmenne interesser i forvaltninga av kraftsystemet.

Miljø- og klima-vennleg kraftproduksjon frå vasskrafta i Norge er ein verdfull naturressurs som vil auke i verdi framover. Som vi ser kan dette skape store inntekter til kraftprodusentane ved sal i Norge og ved eksport til EU-land og Storbritannia. I følgje Energilova frå 1990 skal kraftprodusentane ikkje berre maksimere inntektene får kraftproduksjonen, men også gjere dette på ein måte som tek vare på allmenne interesser i samfunnet. Den sterke og raske prisveksten for kraft og store prisvariasjonen vi har hatt det siste året har ført til fleire utfordringar for samfunnet, ikkje minst for økonomisk svake grupper og for bransjar som er basert på det historiske prisnivået på kraft som vi har hatt. Desse utfordringane har blitt større p.g.a. energikrisa i EU, som delvis kjem av for treig utbygging av klimavennleg og stabil energi i forhold til reduksjonen i bruken av fossil energi, i tillegg til høg gasspris og ynsket om å bli uavhengig av import av gass og olje frå Russland på bakgrunn av angrepet på Ukraina. Utbygging av meir vindkraft og anna energi i Norge vil bety lite for kraftprisen så lenge vi er så sterkt kopla til kraftsystemet i Nord-Europa, og sidan Norge berre realistisk sett kan eksportere 0,5-1 % av behovet i EU, sjølv ved ei større satsing på havvind. Denne utviklinga kan føre til energifattigdom hos nokre sosiale grupper, omfattande nedlegging av industri og de-legitimering av den grønne omstillinga og klimapolitikken både i Norge og EU, ettersom kraftbransjen ofte motiverer omfattande utbygging av overføringskablur til kontinentet og Storbritannia med klimapolitikk. Tilbakeføring av ein del av ekstraintektene til staten og fylka kan på kort sikt redusere problemet, men er ikkje tilstrekkeleg fordi utfordringa er langsiktig og strukturell og sidan den kan auke over tid. Det vil vere krevjande å kompensere den mest utsette delen av næringslivet for vesentleg høgare kraftprisar, medan alternativet er at denne industrien blir lagt ned eller flytta til land med mindre streng klimaregulering og lågare energikostnad. På denne bakgrunnen bør forvaltninga av kraftsystemet reviderast slik at allmenne interesser – altså andre samfunnsinteresser enn høgast mogeleg inntekt frå kraftproduksjonen - blir teke betre vare på. Energikommisjonen bør difor vurdere tiltak som for eksempel reforhandla avtaler og rammer for kraftutvekslinga med EU, regulering av vass-standen i magasina (som vi også har i dag p.g.a. omsynet til natur og dyreliv), og system for maksimalprising av kraft i Norge – som for eksempel kan vere basert på felles statleg oppkjøp av kraft med vidaresal til kundar i Norge. Alle endringar i rammene for kraftsektoren i Norge som kan gjere at funksjonen til kraftsystemet betre samsvarer med samfunnet sine breie interesser bør vurderast av Energikommisjonen.

Oslo, 25. mai 2022

Asbjørn Torvanger

(Seniorforskar, CICERO, PhD Samfunnsøkonomi)